

## Status i kommunane på rammeavtale om helsevikarar

	Kva fullmactsstruktur har kommunen for å kunne bestille eller delta i rammeavtalar i regi av Innkjøps samarbeidet i Sogn og Fjordane (SFFI)?	Kva vurderingar vart gjort før ein bestemte seg for å være med på rammeavtale om helsevikarar?	Vurderte ein å få ei politisk forankring før ein deltok i rammeavtalen?	Korleis har kommunen vurdert drøftingsplikta med dei tillitsvalde, og når har ein gjennomført dette?	I kor stor grad har ein nytta seg av rammeavtalen?	Korleis er kommunen si kontraktoppfølginga av kontrakten med tanke på å motverke sosial dumping?
Eid	Innkjøpsstrategi er vedteken for Eid kommune i kommunestyret, sak 009/14. I strategidokumentet går det fram at kommunen skal nytte SFFI så langt det let seg gjere, jf kap 4.1.2, 5.4.2 og 6.1.2.	Kommunalsjefnettverket i Nordfjord har hatt ulovleg innleige av vikarbyrå i mange år, det har blitt gjort avtale med vikarbyrå for kvar vikar. Fylkeskommunen «vegtra» seg lenge for å gå i gang med rammeavtalen, fordi dette er eit krevjande område. Legevikarar er ikkje med i avtalen. Fylkeskommunen strevde særleg med å formulere kravspesifikasjonar. Men endeleg fekk vi til ei ordning. Alternativt til Fylkesavtalen måtte vi i kvar kommune gjere arbeidet sjølv, noko vi knapt har ressursar og kompetanse til.	Nei, det vart ikkje vurdert i Eid, vi såg på dette som ei administrativ oppgåve. Burde sikkert vorte referert i samarbeidsorgan og i politiske organ på eit tidlegare tidspunkt.	Eid kommune hevdar at inngåing av rammeavtale om helsevikarar ikkje krev drøftingar med tillitsvalde. Fylkeskommunen har forhandla frem denne avtalen på vegne av kommunen, på lik linje med andre innkjøpsavtaler. I følgje Hovudavtalen kap 1 § 2.3.2 skal arbeidsgjevar minst to gonger i året informere og drøfte prinsippa for bruk av oppdragstakarar, innleigd arbeidskraft og midlertidige tilsetjingar iht arbeidsmiljølova § 14-9.  Praksis i Eid kommune har vore at avdelingsleiar drøftar innleige frå vikarbyrå med plasstillitsvalde. Ein skal no sikre at det vert avholdt to formelle drøftingsmøter etter HA kap 1 § 2.3.2 per år. Det er kalla inn til drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 08.02.18.	Eid kommune har kjøpt tenester frå vikarbyrå i rammeavtalen for ca 2,5 millionar i perioden september – desember 2017	Fylkeskommunen har kalla inn til samarbeidsmøter med alle involverte kommunar i fylket. Det har vore møte 07.09.17 og 23.01.18. Det er tatt nokre stikkprøver ift lønnslippar og arbeidsavtaler. Ein vart i møte 23.01.18 einige om å ta stikkprøvekontroller når det gjeld faktura, arbeidsavtaler, lønnslipper, politiattest og kvalifikasjonar. Kvar kommune sjekkar dette for alle oppdrag i januar 2018. Fylkeskommunen samordnar infoen og kontaktar vikarbyråa ved avvik. Nytt samarbeidsmøte mellom fylkeskommunen og aktuelle kommunar er planlagt 15.05.18.
Gulen	Gulen kommune har den 30.08.2006 inngått avtale med SFFI om å vere med i samarbeid om offentlig anskaffing. I denne avtalen står det at kommunen skal oppnemne ein innkjøpskoordinator som	Gulen kommune v/ Maike Norman Bøe fekk frå SFFI, via websak, invitasjon til å vere med på anbodskonkurranse vedkjem helsevikarar. 5. oktober 2016 fekk sakshandsamar purring frå SFFI v/ Katrine Wilson	Nei, på bakgrunn av invitasjonen om å vere med på tilbodet på rammeavtalen, og tidlegare erfaringar, såg vi det ikkje som naudsynt å legge dette fram politisk. Ansvar for innkjøp er delegert til rådmann. Gulen	Tillitsvalde i kommunen er godt kjent med at Gulen kommune nyttar vikarbyrå når det er siste utvei for å skaffe kvalifisert personale. Leiar løn og personal har hatt dialog og med hovudtillitsvalde (HTV) i Fagfbundet i etterkant av kontraktinngåinga av	I 2017 har Gulen kommune brukt samla 131.499,-, som er nytta i Sone BBD.	SFFI, ber no kommunane om å ta stikkprøver av lønnslippar. Gulen kommune vil difor snarleg ta stikkprøve av kjøp av helsevikarar.

	<p>bl.a. har mandat og mynde til å godkjenne avtaler i samarbeid med innkjøpsleiaren i SFFI. Kommunen har intern dokumentasjon at innkjøpsområdet er overført til økonomiavdelinga, der Maike Norman Bøe er sakshandsamar. Vi ser at dette må takast inn i overordna dokument som innkjøpsreglementet i tillegg til interne dokument. SFFI har i sitt system Maike Norman Bøe som kontaktperson i alle saker som omhandlar innkjøp og rammeavtalar.</p>	<p>om vi framleis ville vere med på anbudet. Denne eposten vart videresendt til kommunalsjef omsorg og einingsleiarar innan helse og omsorg, med kopi til rådmann, med spørsmål om det er ynskjeleg at Gulen kommune skal vere med på anbudet. Innkjøpsansvarleg fekk følgjande svar frå einingsleiarane: Einingsleiar sone BBD: «<i>Dersom det er snakk om vikar frå vikarbyrå, så skal me jo helst ikkje nytte det. Har hatt i 1 år no i Brekke, vert avslutta 13.10. Dersom det skulle verte behov for å nytte vikar frå vikarbyrå i framtida, tenker eg at det sikkert kan vere lurt å vere med på anbud, dersom det fører til at det vert billigare.</i> Side 2 av 3</p> <p><i>I vår prosess med å finne vikar, vart det henta inn pris frå 3 forskjellige byrå, for å finne det billigaste».</i> Einingsleiar GS sone Eiv.:<i>Eg tenker at det kan vere greitt å få eit anbud på dette området. Eg har ikkje nytte vikarbyrå på mange år, men sone BBD har nytta seg av dette i ein periode. Er utrulig mange aktørar på på markedet, kronglete å finne rett når ein plutselig har behov. Må stille krav til språkkunnskap, vi treng evt helsefagarbeidere og spl.</i> Ut frå desse tilbagemeldingane sendte Gulen kommune svart til SFFI om at vi vil vere med på anbudet om helsevikarar.</p>	<p>kommune har frå tid til anna måtte nytte seg av vikarbyrå, når det skjer har ein prøvd alle moglegheiter i forkant.</p>	<p>helsevikarar. Det er også gjennomført formelle drøftingar med alle HTV i kommunen samla, og det var ikkje merknadar til at vi hadde inngått avtale om kjøp av helsevikarar, så lenge Gulen kommune fortset praksisen med å nytte helsevikarar berre i dei tilfella det ikkje er andre løysingar for å få tilstrekkeleg bemanning. Bruken av vikarbyrå vert diskutert med jamne mellomrom når det er aktuelt.</p>		
--	---	---	--	---	--	--

<p>Fjaler</p>	<p>Etter gjeldande delegasjonsreglement har rådmannen «Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtaler innanfor normal drift.</p>	<p>Fjaler kommune har ikkje nytta vikarbyrå innan pleie og omsorg sidan 2011-2012. Det er heller ikkje ynskjeleg frå vår side å gjere det, dersom ein kan unngå det. Når vi valde å vere med på felles avtale var dette for å sikre oss at anbudsreglane og prosessen rundt anskaffing var gjennomført, <i>viss</i> vi i løpet av avtaleperioden skulle få behov innan pleie og omsorg som gjorde det naudsynt med bruk av vikarbyrå. Naudsynt i denne samanhengen er at</p>	<p>Nei, sjå over.</p>	<p>Vi gjennomførte ikkje drøftingar med dei tillitsvalde før avtalen vart inngått (dei var informert). Vi var av den oppfatning at <i>bruk</i> av avtalen måtte drøftast, ikkje inngåing. Når vi vart gjort merksame på mogleg brot på drøftingsplikta gjennomførte vi drøftingsmøte med dei tillitsvalde der ein kom fram til følgjande løysing for å reparere eventuelt brot på drøftingsplikta: at rammeavtala ikkje kan nyttast utan at dei tillitsvalde er høyrde, og <i>samde i</i>, bruken.</p>	<p>Vi har ikkje nytta den</p>	<p>Ettersom vi ikkje har nytta den har vi ikkje hatt kontraktsoppfølging med tanke på å motverke sosial dumping.</p>
<p>Askvoll</p>	<p>I delegeringsreglementet <u>generell del I</u> vedteke i sak 097/2013 pkt.1.4.1 har rådmannen fått slik fullmakt:</p> <p><b>1.4.1 Rådmannen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Vedtaksmynde i kurante saker, med unntak av saker der kommunestyret gjennom reglement eller positivt under del II legg dette myndet til politiske organ.</li> <li>➤ Vedtaksmynde i saker som gjeld forhold mellom kommunen som arbeidsgjevar og den einskilde tilsette slik det går fram av Personalhandboka for Askvoll kommune.</li> <li>➤ Mynde til å disponere budsjett innanfor kvart tenestekområde</li> <li>➤ Mynde til å inngå innkjøps- og</li> </ul>	<p>Askvoll kommune har tidvis hatt behov for å bruke vikarbyrå i Helse- og omsorgsetaten. For i størst mogleg grad unngå bruk av vikarbyrå, vart det i 2013 tilsett 3 faste vikarar i etaten. Etter gode erfaringar med ordninga vart den utvida til 5 stillingar i 2017. (Formannskapsvedtak 049/17.) Det har til tross for dette, til tider vore vanskeleg å rekruttere nok fagfolk til Helse- og omsorgsetaten. Rådmannen har difor vurdert at det har vore føremålstenleg å ha på plass ei rammeavtale dersom situasjonen skulle krevje kjøp av vikarbyråteneste.</p>	<p>Det har over tid vore godt kjent for formannskap og kommunestyre at kommunen har hatt trong for å bruke vikarbyrå. I samband med ein tidlegare forvaltningsrevisjon vart det peika på at kjøp vart gjort utan føregåande anbudsutlysing, og at dette var forhold som måtte rettast opp. Rådmannen si vurdering er at det er administrasjonen som skal syte for at kommunen kan levere forsvarlege tenester innanfor lov- og avtaleverk. Som nemnt ovanfor er det gjort tiltak for å redusere bruken av vikarbyrå, men dersom situasjonen krev det er dette framleis eit realistisk alternativ, og bruk av rammeavtalen er eit grep for å gjere kjøpa etter krava i lov</p>	<p>Kommunen har ikkje handsama saka som konkurranseutsetjing jfr. Hovudavtala § 1-4-2, men som innleige av arbeidskraft jfr. Hovudtariffavtalen Kap. 1, § 3.3.2 og Arbeidsmiljølova § 14-12. Innleige av helsepersonell vert diskutert jamnleg med tillitsvalde i Helse og omsorgsetaten. Kommunen informerte ikkje tillitsvalde før det vart sagt ja til å delta i anbodet på helsevikarar, men det vart informert i ettertid i dei faste møta med tillitsvalde.</p>	<p>Askvoll kommune har så langt ikkje hatt behov for å nytte seg av avtalen.</p>	<p>Så langt har ikkje dette vore aktuelt etter denne avtalen. Ved tidlegare innleige har kommunen fått innsyn i vilkåra til det innleigde personalet.</p>

	<p>driftsavtaler innanfor normal drift.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Mynde i høve kapittel II : Delegeringsoversyn.</li> <li>➤ Lønsforhandlingar for alle tilsette bortsett frå rådmannen</li> <li>➤ Mynde til å forhandle om andre lokale avtalar</li> </ul>		og forskrift om offentlege innkjøp.			
Hyllestad	<p>Det vert synt til kommunen sitt delegeringsreglement, vedteke 25.09.14, pkt 1.4.2 der det m.a heiter : ..»mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtalar innafor normal drift...»</p> <p>Det vert vidare synt til kommunen sitt Økonomi og finansreglement, vedteke 29.09.12. Pkt 8. Kjøp og sal av varer og tenester. ...» Alle kommunale innkjøp skal skje i medhald av forskrift om offentlege anskaffingar, samt samarbeidsavtalar (t.d SSFI)</p>	<p>Kommunen har utfordringar med rekruttering av helsepersonell og det er ingen fungerande arbeidsmarknad i regionen med mulegheit for å få tak i vikarar. Difor vart det vurdert som nyttig å vere med i innkjøpssamarbeid. I tillegg gjekk vurderinga på ei forventning om at eit innkjøpssamarbeid som omfatta fleire kommunar saman med fylkeskommunen, ville bety kvalitetssikring av avtalen og tilgang på gode vikarbyrå. Hyllestad kommune var representert i arbeidsgruppa som utarbeidde kriteriane, noko som betydde at vi sikra innverknad på innkjøpskriteriane.</p>	<p>Basert på delegeringsreglement og økonomi og finansreglement vart ikkje det vurdert. Det er heller ikkje vurdert i andre innkjøpssamarbeid</p>	<p>Det er gjennomført møte i hht Hovedavtale § 2.3.2 der ein skal drøfte prinsippa for bruk av oppdragstakarar, innleigd arbeidskraft og mellomelse tilsetingar. (referat vedlagt) Temaet som gjeld innkjøpsavtalen har vore diskutert i administrasjonsmøter i omsorgstenestene der tillitsvalde er med. Etter krav frå Fagforbundet vart det holdt forhandlingsmøte den 21.11.17 om saka. Protokoll er vedlagt og syner kva ein er usamde om.</p>	<p>Kommunen har nytta seg lite av rammeavtalen då vikarbyrå ikkje kan skaffe fram etterspurd personale.</p>	<p>Kommunen har rutinar for å innhente dokumentasjon frå vikarbyrå på arbeidsavtalar, lønsslippar og andre relevante opplysningar. Det er innført oppfølgingsmøter av innkjøpsavtalen i regi av FK der ein går gjennom og evaluerer avtalen. Det er utarbeid kontrollskjema (stikkprøver ) felles for kommunane i samarbeidet (vedlegg)</p>
Bremanger	<p>Bremanger kommune har vore tilslutta SFFI sidan tidleg på 2000 talet og inngår som ein del av kommunen sitt innkjøpssystem. Rådmannen har etter delegasjonsreglementet mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtalar innanfor normal drift.</p>	<p>Bremanger kommune er, som dei fleste andre kommunar, avhengig av å nytte helsevikarar i periodar p.g.a. vakansar, sjukdom, ferie m.v. Omfanget er og så stort at det kjem inn under reglane om offentlege anskaffingar. Ein fann det då mest ryddig å slutte</p>	<p>Dette var ikkje aktuelt. Jf. rådmannen sine fullmakter.</p>	<p>I utgangspunktet vurderte ein inngåing av rammeavtalen som eit reint innkjøp som ikkje utløyste drøftingsplikta, men at drøftingane skulle gjennomførast i samband med konkret bruk av avtalen. Dette har partane lokalt diskutert i ettertid og det er</p>	<p>Bremanger kommune kjøpte tenester for 3,97 millionar kroner gjennom rammeavtalen i 2017.</p>	<p>Det er etablert samarbeid mellom deltakarkommunane med oppfølging av faktura, lønsslippar, arbeidsavtalar, politiattestar og kvalifikasjonar (autorisasjon). Alle Side 2 av 2</p>

		seg til ei ordning som kunne sikre eit profesjonelt og økonomisk fordelaktig innkjøp.		no etablert nye rutinar for å sikre ivaretaking av dette forholdet.		kommunane som deltek i rammeavtalen har forplikta seg til dette Kommunane rapporterer til SFFI og oppfølginga er tema på fellesmøte mellom deltakarkommunane og SFFI.
Stryn	Stryn kommune slutta seg til Sogn og Fjordane fellesinnkjøp (SFFI) i 2011. Saka vart handsama i Formannskapet i sak 069/11 og i Kommunestyret i sak 026/11. Det vart samrøystes vedteke å delta i avtalen i begge organa.	Stryn kommune hadde i åra før rammeavtalen hatt store utgifter til vikarbyrå. 2014: 1,6 mill.kr, 2015: 0,4 mill.kr, 2016: 2,4 mill.kr. For å følgje reglane om offentleg anskaffelse valde Stryn kommune å slutte seg til rammeavtalen.	Det vart ikkje vurdert politisk forankring av denne rammeavtalen då det i kommunestyrevedtaket om tilslutning til SFFI er vurdert at innkjøp skjer innanfor rammeavtaler som er framforhandla på ein etter lovgjevinga rett måte.	Leiinga i Stryn kommune meiner innkjøpsavtalen i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein privatrettsleg avtale som arbeidstakarorganisasjonane ikkje er part i. Inngåing av denne rammeavtalen som pt omfattar 12 kommunar, var difor ikkje brot på drøftingsplikta. Stryn kommune gjennomfører formell drøfting med arbeidstakarorganisasjonane lokalt når det er aktuelt å leige inn helsevikarar. Det er utarbeidd rutine for innleige av helsevikarar som skal sikre rett saksgang ved vikarbruk ved fråvær og vaktante stillingar. Denne vart utarbeidd i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, og endeleg godkjent i drøftingsmøte. (sjå vedlegg)	Stryn kommune, v/Vikane omsorgssenter har nytta seg av rammeavtale ved eitt høve med bakgrunn i vakante stillingar. Det er pr. dato 2 vikarar som er innleigd.	Jf. rutine skal sjekklister følgjast når det vert inngått kontrakt om vikarinneleige. (sjå vedlegg)
Årdal	For delegering av avgjerdsrett frå politisk nivå til administrasjon, vert avgjerdsrett delegert til rådmannen. Unntak er der det i særlover spesifikt vert sagt at delegert avgjerdsrett skal leggjast til reine fagfunksjonar (barnevernsleiar og brannsjef). Ei generell avgrensing i rådmannen sine	I høve svarbrev frå fylkesrådmannen etter førespurnad frå rådmannen i Årdal kommune om det juridiske og formelle grunnlaget for å kunne heve denne avtalen, kjem det fram at konkurranse-grunnlaget i anbudet er utarbeidd av ei brukargruppe beståande av representantar frå Vik, Vågsøy og Hyllestad	Rådmannen merkar seg at det frå ulikt politisk hald har kome innspel om at denne typen avtalar ikkje vert opplevd som kurante og vil på den bakgrunn heretter legge kriteria fram for formannskapet til godkjenning i samsvar med gjeldande reglement for delegering. Dette gjeld	Rådmannen vil også drøfte med dei tillitsvalde korleis det kan etablerast ein vikarpool som sterkt kan redusere eller eliminere trongen for å nytte «Vikaravtalen», samt sjå til at drøftingar med fagforeiningane vert gjennomførde slik det er vist til i dette svaret.	Eg viser til vedlegg som viser anrop siste 5 månader. Orange klarer ikkje å levere i samsvar med avtalen og kommunen har difor nytta byrå som står lenger nede på lista. Dokumentasjonen skal m.a nyttast når det skal vurderast om det ligg føre eit	Kommunen tek stikkprøver på vikarane sine arbeidsavtalar og lønsslippar opp mot vår faktura. Eg viser til vedlagde rekneark.

	<p>fullmakter er vidare at delegert fullmakt berre skal gjelde i saker som ikkje er av prinsipiell betydning (kml § 23 nr 4). Rådmannen oppfatar saka om «Vikaravtalen» som ei vidareføring av ein etablert praksis med kjende økonomiske konsekvensar, men i faste og lovlege former og finn difor ikkje at det er grunnlag for å kritisere sin eigen administrasjon for å få slike tilhøve inn i dei rette formene og innafor både Vikardirektivet og lov om offentlege anskaffelser. Administrasjonen har i denne saka vurdert dette som ei kurant sak som alle andre innkjøpsavtalar kommunen deltek i og ikkje som etablering av ein ny praksis.</p>	<p>kommunar. Kriteriane har difor ikkje vore til administrativ vurdering i den einskilde kommunen. Rådmannen vurderer det slik at dette ikkje er i samsvar med det vedtekne reglementet for delegering i Årdal kommune og vil sjå nærare på dette tilhøvet slik at konkurransegrunlaget kan vurderast av formannskapet i Årdal dersom kommunen vurderer å slutte seg til framtidige anbudsrunder under «fylkesavtalen».</p>	<p>også avtalar under «Fylkesavtalen».</p>		<p>avtalebrot frå leverandøren si side. Eg viser til vedlagde rekneark der også uttaksvolumet er dokumentert.</p>	
Vågsøy	<p>Rådmann bestemmer kva slags rammeavtalar kommunen skal være med på. Tenesteleiarane bestiller varer/tenester ut frå kva avtalar som er inngått.</p>	<p>Vågsøy kommune hadde ikkje avtale ift. helsevikarar, innkjøpa var av ein slik størrelse at avtale var naudsynt. Kommunalsjefgruppa i Nordfjord tok kontakt med Fylkeskommunen for å høyre om dei kunne ta ansvar for å få dette ut på anbod.</p>	<p>Nei det vart ikkje vurdert</p>	<p>Tenesteleiar har informert på møte mellom HTV og tenesteleiarane i løpet av prosessen og det vart halde drøftingsmøte i henhold til HTA kapittel 1 § 2 pkt 2.3.2 den 21.09.2017 der prinsippa for innleige vart drøfta. Fagforbundet har avslutta saka ift. Vågsøy kommune.</p>	<p>Ein har etter avtalen vart iverksatt 01.09.2017 til og med d.d brukt ca kr 240 000</p>	<p>Fylkeskommunen har i saman med kommunane i avtalen laga eit kontrollskjema for stikkprøver der ein sjekkar om byråa har overholdt punkta i kravspesifikasjonen.</p>
Selje	<p>Kommunestyret fatta vedtak 16.12.04, sak 105/04 om at Selje kommune sluttar seg til innkjøpsordninga SFFI.</p>	<p>Helse og omsorg har i lengre tid mangla nok kvalifisert personale i kortare og lengre vakanser, og leiinga i H &amp;</p>	<p>Det har ikkje vore praksis med politisk avklaring på områder som er delegert. Vi meiner at kjøp av</p>	<p>Kommunen har hatt drøftingsmøte med HTV den 19.09.17 der ein drøfta prinsippa for innleige av</p>	<p>Selje kommune har til no ikkje nytta seg av rammeavtalen, då ein har greidd å</p>	<p>Dersom det vert aktuelt å nytte vikarbyrå, nyttarein rammeavtala som er inngått av Fylkeskommunen.</p>

	<p>Kommunen er fortsatt medlem i ordninga. I avtala ( SFFI) går det fram at årleg sum godtgjersle frå kommunane til fylkeskommunen skal dekke alt arbeid ved inngåing av rammeavtaler og enkeltkjøp. Det er utlysing, annonsering, opning av innkomne tilbod, protokollføring og klargjering for evaluering. SFFI kvalitetssikrar utlysingsdokument , avtalar og kontraktar. Val av leverandør blir gjort i samarbeid mellom SFFI og deltakande medlemmar.</p>	<p>0 har funne det nødvendig med rammeavtale etter lov om off. innkjøp.</p>	<p>helsevikarar i rammeavtale innafor vedteke budsjett er heimla i k-sak 105/04. Vi deltek i samarbeid om innkjøp på ei lang rekkje områder utan at dette er til politisk forankring.</p>	<p>vikarar frå vikarbyrå.(Viser til HTA kap 1§2pkt 2.3.2).</p>	<p>skaffe kvalifisert personell. Det har frå 2015 vore eit uttalt mål frå mi side at vi skai fase ut bruk av vikarbyrå noko fagorganisasjonane har vore samd i.</p>	<p>Kommunen er kjend med rammeavtala og vil systematisk skjekke at alle avtale punkt vert fulgt av aktuelt vikarbyrå som vert nytta. Ein vil varsle Fylkeskommunen om ein opplever brot på avtala. Fylkeskommunen fylgjer opp kommunane som er med på rammeavtala med helsevikarar, og har til no hatt 2 fellesmøter. Kommunane nyttar felles skjekklister for å sikre at avtalen vert fylgt opp på alle punkt.</p>
Vik	<p>Gjennom Vik kommune sitt delegerings- og innstillingsreglement er rådmann delegert mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtalar innanfor normal drift. Grunna lite ressursar til innkjøpsarbeid lokalt i kommunen, har me avtale med Sogn og Fjordane fellesinnkjøp (SFFI) som gir oss høve til å ta nytta deira kompetanse rundt offentleg innkjøp, og til å delta på felles rammeavtalar. I praksis skjer dette ved at ansvarleg leiar for det aktuelle innkjøpsfeltet får førespurnad, via innkjøpskontakten til kommunen, om å delta i dei ulike anbodskonkurransane som SFFI lyser ut.</p>	<p>Hadde gjennomført to anbodsrundar i eigen regi, begge måtte avbrytast grunna klage. Innkjøpet hadde så stort omfang at det vart omfatta av regelverket for offentleg innkjøp.</p>	<p>Eg har vurdert også denne rammeavtalen til klart å liggja innanfor mine fullmakter gitt i kommunen sitt delegeringsreglement. Er elles politisk avklara gjennom regelmessig rapportering til formannskap og kommunestyre.</p>	<p>Bruk av vikarbyrå har vore drøfta med dei tilsette frå fyrste gong dette vart teke i bruk. Då vart det også gjennomført vurdering av andre måtar å dekke vikarbehovet på. Seinare har bruk av vikarbyrå vore fast tema på møter med dei tillitsvalde i omsorgssektoren. Frå 2018 vert det også gjennomført drøftingsmøter to gonger i året med HTV i tråd med HTA og HA.</p>	<p>Frå sept – 17 har omsorgssektoren leigd inn 2 – 3 helsevikarar</p>	<p>Faktura som vert tilsendt skal innehalda løn og andre utgifter. I tillegg bed me regelmessig om å sjå lønsslippar til vikarane. Me har også faste møter med koordinator i fylkeskommunen der me skal følgje dette opp systematisk</p>